

Vik skule og barnehage
5568 Vikebygd
Tlf. Skule: 53655730
Barnehage: 53655739
Dato: 26.09.14.



Referat frå møte i samarbeidsutvalet Vik skule og barnehage 24/9- 2014

Desse møtte:

For kommunen : og Anne Marte W. Tveit

2 elevrepresentantar: Even Larsen og Tina Larsen

2 repr. frå FAU: Tove Larsen

Frå undervisningspersonalet: Judith Gundersen

Frå foreldrerådet i barnehagen: Inger Marie Sjo Bjerga

Frå tilsette i barnehagen: Ellen Skretteberg og Anne Byrkja

Forfall: Vidar Samland, Kjetil Skartland, Berit Skartland og Reidar Svendsbøe

SAKSLISTE:

Sak 1 Orientering om arbeidet i samarbeidsutvalet

Ved kvar skule skal det vere eit samarbeidsutval med representantar frå tilsette, foreldre, elevar og kommunen. Ved Vik skule og barnehage er det felles samarbeidsutval for skulen og barnehagen. Anne Marte orienterte om arbeidet i samarbeidsutvalet (SU). SU har rett til å uttala seg om alle saker som gjeld skulen eller barnehagen. Det er SU som er høringsinstans for saker frå kommunen.

Sak 2 Konstituering Val av leiar og nestleiar.

Kjetil Skartland blei valt til leiar

Tove Larsen blei valt til nestleiar

Sak 3 Godkjenning av årsplan for barnehagen

Anne Byrkja gjekk gjennom årsplanen for barnehagen. Ho orienterte mellom anna om prosjektet "Vere saman". Alle tilsette i dei kommunale barnehagane er med på eit stort satsingsområdede der dei lærer og trener på korleis dei kan vera ennå betre «varme og grensesettande vaksne» i sine barnehagar. Under kapittelet om informasjon diskuterte ein om Vikebygd barnehage burde hatt eit digitalt infosystem. Ein blei samde om at barnehagen er så liten at det er mogleg å informere direkte + med brev/lappar. Dei som ønskjer det kan få informasjon og brev på mail. Dei må då gi melding om dette. Årsplanen blei godkjent.

Sak 4 Diverse orienteringssaker

- Info om skulen sine satsingsområde som i år er «Vurdering for læring» og "Læringsstrategiar". Elevrepresentantane kom med gode forklaringar på bruk av læringsstrategiar. Vindafjord kommune har i år kome med i pulje 5 i den nasjonale satsinga for «Vurdering for læring». Me vil då følgje opplegget for heile kommunen.
- Vedtatt rulleringsplan for lokale tema på skulen.
Tema i år: "Ålfjorden"
Kulturettermiddag blir 04. juni 2015.
- Ny lavvo. Skulen og barnehagen har kjøpt ny trelavvo. Den er nå sett opp på kommunen sin eigedom i skogen ovanfor skulen/barnehagen. Det har blitt gjort

mykje dugnad frå føresette i samband med dette, og det er nå blitt ein flott plass i skogen for både barnehagebarn og elevar. Me ønskjer at lavvoen og området rundt skal kunne brukast i helgar og på ettermiddagstid. Me har difor sett opp reglar for denne bruken:

Velkommen til Vik skule og barnehage sin lavvo

Reglar for bruk av lavvoen utanom skule og barnehagetid.

- Om du vil sikre at du har lavvoen aleine kan du bestille denne. Ring til skulen eller barnehagen så skriv dei deg opp i «**lavvo-kalenderen**» som heng utanfor personalrommet.
- Om du ikkje har bestilt lavvoen må du flytte deg for dei som har reservert.
- Dei som vil fyre i omnen eller bålpanna har med eigen ved.
- Ingen må klatre på lavvoen eller rive i vindduken på innsida.
- Ikkje legg igjen boss og lignande. Forlat plassen slik du ønskjer å finne den.

Sak 5 Ny rettleiar i arbeidet med førebygging og oppfylgning av problematisk skulefråvær.

SU såg på ny rettleiar som er laga for oppfylgning av problematisk skulefråvær i Vindafjord kommune. Det kom gode tilbakemeldingar på planen og SU meinte det var viktig at dette var blitt tatt tak i og sikra oppfylgning på.

Sak 6 Utbygging. Kva bør me prioritera å få?

Me ventar framleis på resten av utbygginga etter at me flytta ut av gamleskulen. Adm. i kommunen har lova at planlegginga nå skal starte. Utbygging av Vik skule skulle i utgangspunktet kome etter at utbygging ved Skjold og Ølen skular var ferdig. Grunna problem med ventilasjon kom Sandeid skule inn i planen før Vik. Me treng formingsrom, lager og delingsrom. I barnehagen treng me arbeidsplasser og toalett for Trollebu.

Sak 7 Budsjettsituasjonen

Budsjettsituasjonen ved eininga er OK. Me ventar på utbygging, men går elles i balanse.

Sak 8 Ymse

Det var ingen saker under ymse.

Anne Marte W. Tveit

skrivar